



KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Møte nr: 2/18
Møtedato: 11.4.2018
Tid: Kl. 13.00 – kl. 15.35
Møtestad: Formannskapssalen, Vestnes kommunehus
Sak nr: 09/18 – 13/18
Møteleiar: Stig Holmstrøm, leiar (Ap)
Møtande medlemmer: Gro Ødegård, nestleiar (H)
Dagfinn Wiik (Pp)
Frank Ove Belsvik (Frp)
Birgit Torkildson Grotle (Ap)
Forfall: Ingen
Ikkje møtt: Ingen
Møtande vara: Ingen
Frå sekretariatet: Jane Anita Aspen, daglig leder
Frå revisjonen: Einar Andersen, forvaltningsrevisor (under OS 02/18 og sak11/18)
Av øvrige møtte: Tone Roaldsnes, administrasjonssjef (under OS 02/18)

Leiaren ønska velkommen og leia møtet.

Leiaren hadde merka seg at dagens kontrollutvalsmøte ikkje var med i oversikt over politiske møter i april, som var annonsert i Vestnesavisa. Utover dette framkom ingen merknader til innkallinga. Det vart fremja forslag om at OS 02/18 vart handsama først i møtet, vidare sak 11/18. Innkalling og sakliste vart godkjent med denne endringa.

TIL HANDSAMING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 09/18	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 20. FEBRUAR 2018
PS 10/18	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 11/18	PROSJEKTPLAN FOR AVTALT KONTROLLHANDLING. HABILITET
PS 12/18	OPPFØLGINGSLISTE
PS 13/18	EVENTUELT

PS 09/18	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 20. FEBRUAR 2018
-----------------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

Protokollen frå møte 20. februar 2018 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. Dagfinn Wiik
2. Gro Ødegård

Kontrollutvalet si handsaming

Dagfinn Wiik og Gro Ødegård vert peika ut til å underskrive protokollen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Protokollen frå møte 20. februar 2018 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. ...
2. ...

PS 10/18	REFERAT OG ORIENTERINGAR
-----------------	---------------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Kontrollutvalet sin leiar, får i samråd med sekretariatet, fullmakt til å utforme eit høyringsvar knytt til referatsak RS 12/18.

Kontrollutvalet si handsaming

Referatsaker:

- RS 07/18 **Eierskapskontroll for Ålesundsregionens interkommunale miljøsekskap IKS (ÅRIM)**, møtebok kontrollutvalet i Ålesund kommune 15.2.2018 sak 02/18
- RS 08/18 **ÅRIM** – Innkalling til årsmøte 27.4.2018 .
- RS 09/18 **Kontrollutvalet – årsmelding 2017**, Særutskrift, Vestnes kommunestyre 22.3.2017 sak 14/2018
- RS 10/18 **Årsrapport og regnskap for 2017 – Skatteoppkreveren i Vestnes kommune**
- RS 11/18 **Kontrollrapport 2017 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Vestnes kommune** – brev frå Skatteetaten, Skatt Midt-Norge, datert 15.2.2018
- RS 12/18 **Høyringsutkast - Veileder "Hva kan kontrollutvalget forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatet"**, utsendt frå Forum for kontroll og tilsyn (FKT) 4.4.2018 med høyringsfrist 7. 5.2018.
Sekretær informerer om at årsaken til at det vert utforma ein rettleiar for sekretariata sitt arbeid, er at undersøkingar har vist at tenestene sekretariata yter til kontrollutvala varierer mykje frå sekretariat til sekretariat. Sekretær opplyser at medan denne rettleiaren konsentrerer seg om forholdet mellom kontrollutval og sekretariat, så konsentrerer rettleiaren som NKRF har ute på høyring seg meir om arbeidsdeling mellom sekretariat og revisjon.
Utvalet synes det var nyttig med ein slik rettleiar, men den må ikkje vere for omfangsrik. Utvalet vurderer at rettleiaren på nokre områder kan bli for detaljert. Utvalsleiar har merka seg at det i rettleiar står at lokale media kan setjast som kopimottakar ved utsending av møteinnkalling. Utvalet ønskjer at Vestnesavisa og Bygdebladet vert sett som kopimottakarar på kontrollutvalet sine møteinnkallingar. Utvalet gjev fullmakt til at leiar, i samråd med sekretariatet, kan utforme eit høyringsvar til rettleiaren.

RS 13/18 **Prop.46 L (2017-2018) Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)**, utskrift fra Regjeringen.no.
Rolle, ansvar og oppgaver for kontrollutvalet og sekretariat går fram av lovproposisjonen sitt kapittel 24 Kontrollutvalet og kontrollutvalssekretariatet og kapittel 25 Revisjon.
Sekretær nemner at det er foreslått tre endringar for kontrollutvala:
Det vert lovfesta at kontrollutvalet skal ha minst 5 medlemmer, Utvalsleiar kan ikkje vere medlem av same parti eller gruppe som ordførar og personar med sentrale verv eller stillingar i kommunale selskap kan ikkje veljast til utvalet.

Orienteringssaker:

OS 02/18 **Innkjøp og offentlege anskaffingar**
Dette er ei sak på kontrollutvalet si oppfølgingsliste.
Kontrollutvalet hadde bedt om ei orientering frå administrasjonssjefen om organisering av innkjøpsarbeidet i Vestnes kommune, og korleis arbeidet med innkjøp og offentlege anskaffingar vert kvalitetssikra.
Administrasjonssjef Tone Roaldsnes orientert utvalet.
Innleiingsvis seier administrasjonssjefen at dette har blitt eit spesialisert område. Det føreligg oftare klagar til KOFA, og dei store aktørane i marknaden har egne advokatar til å handtere slike saker. Det er likevel mange år sidan Vestnes kommune vart klaga inn for KOFA, og den gongen nådde ikkje klagar fram. Kommunen opplever likevel at dei får mange innsynskrav frå leverandørar.

Ein del av innkjøpsarbeidet vert løyst gjennom interkommunalt samarbeid. Vestnes kommune deltek i innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre. Deltakarar er Ålesund og 18 kommunar som er geografisk plassert rundt Ålesund. Vestnes kommune har delteke i samarbeidet i mange år. Det føregår slik at når det skal lysast ut eit anbod på ein rammeavtale, så takkar kommunen ja eller nei til å vere med i konkurransen. Administrasjonssjefen viser kontrollutvalet oversikt over rammeavtalar som Vestnes kommune har inngått. Ein del av rammeavtalane er inngått direkte mellom Vestnes kommune og leverandør.

Sjølv om kommunen deltek i eit slikt innkjøpssamarbeid, så må kommunen også sjølv ha innkjøpskompetanse.

Kommunen har to tilsette knytt til eining for eigedomsdrift som arbeider særskilt med området

Øystein Hole er saksbehandlar i eining for eigedomsdrift, han har eit særskilt ansvar for å følgje opp rammeavtalane.

Mona Janne Johansen, leiar eining for Eigedomsdrift har ansvar for å følgje opp bestillingar der det er krav om konkurransegrunnlag. Johansen er utdanna jurist og har starta på vidareutdanning i offentlege anskaffingar.

Desse to støttar dei andre leiarane ved innkjøp.

Vestnes kommune har tatt i bruk e-handel. Det er ein modul i Visma der alle rammeavtalar vert lagt inn. Administrasjonssjefen ser at det må jobbast vidare for at alle skal ta det i bruk.

Det vert opplyst at det ved kvar eining i kommunen er minst ein person med bestillarfunksjon.

Avslutningsvis skisserer administrasjonssjef Tone Roaldsnes følgjande utfordringar:

- Kommunen har sedvane, men manglar eit innkjøpsreglement. Dette skal no utformast og må då knytast til delegeringsreglement og økonomireglement.
- Kontraktsoppfølging. Ein vurderer innkjøp av eit elektronisk konkurransegrunnlagsprogram til hjelp i dette arbeidet.
- For lite kapasitet til å inngå rammeavtaler. Administrasjonssjefen ser at det er fleire områder ein burde hatt rammeavtale på.

Administrasjonssjefen svarte på spørsmål frå utvalet undervegs i orienteringa.

Det vart i møte framsett forslag om følgjande tilføyning til sekretariatet si tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet sin leiar, får i samråd med sekretariatet, fullmakt til å utforme eit høyringsvar knytt til referatsak RS 12/18.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

PS 11/18	PROSJEKTPLAN FOR AVTALT KONTROLLHANDLING. HABILITET
-----------------	--

Kontrollutvalet sitt vedtak

Det vert avtalt følgjande kontrollhandling:

1. Kartlegge Vestnes kommune sine rutiner og retningslinjer for handtering av habilitet
2. Kontrollere om lovverk og kommunen sine rutiner og retningslinjer er følgd i fem utbyggingssaker frå kvart av åra 2016, 2017 og 2018 (inntil 31.3.2018), der ein eller fleire av personane det vert varsla mot har vore involvert.

Kontrollutvalet si handsaming

Kontrollutvalet hadde ein grundig diskusjon for å klargjere om ei slik bestilling kunne gje utvalet den kunnskapen utvalet ønskjer.

Forvaltningsrevisor Einar Andersen og sekretær svarte på spørsmål og gjorde avklaringar.

Utvalet vil med ei slik kontrollhandling berre undersøke om sakene er handsama i forhold til habilitetsreglane i forvaltningslova § 6 1.ledd. Vurdering av om det er teke omsyn til om nokon eventuelt er ugild etter forvaltningslova § 6 2. ledd, kan revisjonen vanskeleg gjere i ei slik kontrollhandling. Det er ingen andre forhold ved handsaming av utbyggingssakene som vert kontrollert.

Kontrollutvalet vil sjølv måtte trekke konklusjonar ut frå dei funn som revisjonen gjer. Utvalet må då vurdere om ein avsluttar vidare oppfølging, eller om det er grunnlag for å gjere fleire undersøkingar. For eksempel ved bestilling av ein forvaltningsrevisjonsrapport.

I møte kom det fram at pkt. 2. i forslag til vedtak gjev rom for ulik tolking av omfanget av saker. Det vart difor fremja eit forslag om å presisere at det vert tatt eit utval på 5 saker kvart av åra, ikkje til saman. Forvaltningsrevisor presiserer at dette er utgangspunktet, og så vil ein når ein startar på arbeidet sjå om det faktisk er så mange saker.

Pkt. 2 i sekretariatet sitt forslag til vedtak, vert korrigert slik:

Kontrollere om lovverk og kommunen sine rutiner og retningslinjer er følgd i fem utbyggingssaker frå kvart av åra 2016, 2017 og 2018 (inntil 31.3.2018), der ein eller fleire av personane det vert varsla mot har vore involvert.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

1. Kartlegge Vestnes kommune sine rutiner og retningslinjer for handtering av habilitet
2. Kontrollere om lovverk og kommunen sine rutiner og retningslinjer er følgt i fem utbyggingssaker frå 2016, 2017 og 2018 (inntil 31.3.2018), der ein eller fleire av personane det vert varsla mot har vore involvert.

PS 12/18	OPPFØLGINGSLISTE
----------	------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Internkontroll i Vestnes kommune

Kontrollutvalet ønskjer orientering om administrasjonssjefen sin internkontroll (herunder organisering, delegasjon, fullmakter, tilvisningsmynde etc.) i kommunen. I tilsynsrapporten frå Helsetilsynet v/ Fylkesmannen i Møre og Romsdal som vart lagt fram i møtet 13.03.2013 kom det fram at leiinga i kommunen i liten grad har arbeidd med internkontrollen for dei tenesteområda som omfattast av tilsynet. Det vart òg peika på, og vist til tidlegare tilsyn, at kommunen ikkje hadde tilfredstillande system for behandling av avvik. Kontrollutvalet fekk ei orientering i møte 10.12.2013 om det nye internkontrollsystemet. Kontrollutvalet ønskjer å få ein ny rapport om bruken av internkontrollsystemet Risk Manager om eit år. Kommunalsjef Rune Håseth informerte i møte 03.12.14 om at ein ikkje var kome så mykje lengre, enn når ein orienterte for eitt år sidan. Frank Skorgenes har nyleg blitt systemansvarleg for internkontroll systemet og HMS. Ein startar no med innføring av Risk Manager. Ein føresetnad for å ta i bruk dette er at alle tilsette har same type e-postadresse, det vert no samkjørt. Det er ikkje avklart kva dokument som skal ligge i dette systemet eller kva som skal definerast som eit avvik. Alle driftsleiarane må få ny opplæring. Kontrollutvalet har fått jamlege statusrapportar. **11.04.18:** Kontrollutvalet ønskjer at ny orientering vert utsett til møte 24.09.18.

Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune»

Kontrollutvalet vedtok i møte 13.12.13 å bestille forvaltningsrevisjonsprosjektet «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune». Prosjektplanen vart handsama i møte 08.09.14 sak 26/14. Rapporten vart lagt fram møte 24.06.15 sak PS 18/15. Oppfølging av rapporten er venta våren 2017.

11.04.18: Adm.sjefen har i e-post 04.04.18 opplyst at utvalet vil få denne orienteringa i neste møte.

Innkjøp og offentlege anskaffingar

Anskaffingsregelverket er omfattande og erfaringsvis er dette eit risikoområde som det er viktig at kontrollutvalet følgjer opp. Vestnes kommune deltek i innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre. Deltakarar er Ålesund og 18 kommunar som er geografisk plassert rundt Ålesund. Kontrollutvalet ønskjer ei årleg oppdatering av status på innkjøpsområdet, bl.a. organisering av samarbeidet, status for rammeavtalar og korleis administrasjonssjefen sikrar at regelverket vert følgt.

11.04.18. Adm.sjefen orienterte utvalet i dagens møte, jf. OS 02/18. Utvalet vil følgje opp at innkjøpsreglementet kjem på plass og ønskjer ein ny statusrapport våren 2019.

Varlingsak

Ein person som underskriv som «Anonym ansatt i Vestnes kommune» har varsla fylkesmannen. Varselet vart 20.12.2017 sendt Vestnes kommune frå fylkesmannen. I varselet vert det namngjeve fleire personar som arbeider med plan og byggesaker i kommunen, og varslaren rår til at alle sakene som gjeld denne gruppa blir gjennomgått. Administrasjonssjefen

har handsama varselet og oversendt rapport til kontrollutvalet. Rapporten vart handsama i kontrollutvalet 20.02.18, sak 03/18.

11.04.18: Kontrollutvalet vedtok i dagens møte sak 11/18, prosjektplan for avtalt kontrollhandling. Habilitet. Rapporten er venta til behandling i møte 24.09.18.

Kontrollutvalet si handsaming

Leiar gjekk i gjennom dei sakene som står i oppfølgingslista.

Det vart i møte orientert frå administrasjonen knytt til følgjande sak på oppfølgingslista:

- **Innkjøp og offentlege anskaffingar**

Det vart ikkje det fremja forslag om å føre opp ei nye saker på oppfølgingslista.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

PS 13/18	EVENTUELT
-----------------	------------------

Tiltaksplan 2018 Kontrollutvalet i Vestnes kommune

Utvalet gjekk gjennom tiltaksplanen.

Konklusjon

Det vart gjort følgjande korrigeringar i planen:

Oppgåver knytt til tilsyn med forvaltninga

09.05.18 – Økonomirapport 1. kvartal

24.09.18 – Status elektronisk internkontrollsystem

26.11.18 – Verksemdsbesøk Tomrefjord skule (evt. 24.09.18)

Oppgåve knytt til forvaltningsrevisjon

09.05.18 – Oppfølging av forvaltningsrevisjon «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune».

26.11.18 – Gjennomgang av eigarskapsmeldinga

Saker/tema som kontrollutvalet ønskjer å følgje opp vidare

Utvalet diskuterte ulike tema/områder som kontrollutvalet ønskjer å ha fokus på framover.

Utvalet vil kome tilbake til korleis ein ønskjer å følgje opp.

Konklusjon

Aktuelle tema som er særskilt aktuelt å følgje opp:

- Fylkesmannen sitt tilsyn med barnevernstenesta og manglande oppfølging av tilsynsbesøk for fosterheimsborn. Kontrollutvalet ønskjer ei orientering om dette i møte 9.5.2018.
- Psykiatri/rus – Oppfølging av brukarar, har ein eit tilstrekkeleg tilbod?
- Kommunen si oppfølging av ungdommar som slit på fleire områder. Er det ei avklart ansvarsfordeling?
- Bruk av vikarbyrå. Korleis følgjer Vestnes kommune opp at dei som vert innleidd frå vikarbyrå får tilfredstillande lønns og arbeidsvilkår?

Møtestart for kontrollutvalet sitt møte 9.5.2018

I dette møtet er det fleire store saker som skal handsamast; m.a. kommunen sin årsrekneskap for 2017 og økonomirapport for 1. tertial. I tillegg har utvalet ønskje om fleire orienteringar i dette møtet.

Konklusjon

Utvalet ønskjer at møtestart for kontrollutvalet 9.5.2018 vert sett til kl. 1100.
Sekretær undersøker om det er ledig møterom.

Stig Holmstrøm
leiar

Gro Ødegård
nestleiar

Dagfinn Wiik
medlem

Frank Ove Belsvik
medlem

Birgit Torkildson Grotle
medlem

Jane Anita Aspen
sekretær